

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.07.2015

Vår ref.: 201502947-3

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 /baso@nve.no

Miljateig Kraft AS SUS - søknad om konsesjon for bygging av Miljateig kraftverk - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Miljateig Kraft AS (SUS), datert 07.05.2015, om løyve til bygging av Miljateig kraftverk i Etne kommune.

Miljateig Skålnes Kraft SUS søkte den 21.07.2012 om løyve til å utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva i eit større prosjekt. Konsesjonssøknaden fekk avslag frå NVE den 16.12.2014. Dei same tiltakshavarane fremjar no eit nytt prosjekt som tek omsyn til innspel frå konsesjonsprosessen for Miljateig Skålnes prosjektet. Alle inngrep i det nye prosjektet er flytta ned frå høgareliggjande strok, og Skålneselva er tatt ut av planane. Det vert no søkt om konsesjon til å utnytte fallet i Miljateigselva frå kote 217. Røyrгатetrase og plassering av kraftstasjon er den same som i tidlegare prosjekt. Nettilkopling vert også som før skildra.

Nedbørfeltet til inntaket på kote 217 i Miljateigselva vert 5,8 km², med ei middelvassføring på 707 l/s. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 2500 kW. Maksimal slukeevne vert 1450 l/s. Årleg middeldproduksjon er berekna til ca. 8 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 27 l/s, som tilsvarar alminneleg lågvassføring. Det vil bli bygd veg fram til inntaket.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Miljateig kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Dette høyringsbrevet vert sendt ut til alle som gav innspel til prosjektet Miljateig Skålnes. Søknaden vert ikkje kunngjort av NVE. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Egil Næsheim på tlf. 926 19 736 eller e-post: egilnaeshei@online.no.

NVE ber Etne kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.09.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Informasjonsark
 Mottakarliste

Mottakerliste:

Etne kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Geir Halleraker
Hordaland fylkeskommune
Kjell Magne Markhus
Naturvernforbundet i Hordaland
Skånevik Ølen Kraftlag
Statens Vegvesen - region vest

Kopi til:

KAMBO Energi AS
Miljateig Skålnes Kraft AS SUS v/Egil Næsheim